

Etterord

Eg vil nytte etterordet til å forsvare undertittelen på boka: «Ein sentral og standhaftig dialekt på Agder».

I seinare tid har dialektforskarane tala og skrive om at dialektane i vår tid etter kvart blir regionaliserte. - Kva vil det seie i praksis?

Jau, til vanleg tyder det at dialekten frå eit dominerande bymiljø t.d. breier seg og etter kvart trenger ut målføra i dei næraste bygdene.

I seinare tid har me au lese og hørt at i Vennesla kommune har bare ein liten prosent av innbyggjarane akademisk utdanning, dvs. utdanning frå universitet og høgskule. Og sume har gjerne tolka denne skepsisen til slik utdanning som ein viktig årsak til at venndølane ikkje slepp Kristiansandsmålet lengre inn på seg enn til Kvarsteinbrua.

Er det slik at danninga av ein regional dialekt ikkje nødvendigvis må skje med utgangspunkt i eit dominerande bymiljø – eller eit lærd akademisk miljø, men kanskje heller ut frå eit miljø som alt frå fyrst av er skeptisk til «dei som veit best»?

Den respekten venndølane gjennom industrialiseringsperioden lærte seg å ha til den nevenyttige arbeidande mann eller kvinne, den solide skapande handverkaren, kan vere eit kraftigare grunnlag for å utvikle eit sams målføre enn det meir eller mindre isolerte tankegodset frå dei akademiske miljøa. Det er ikkje han eller ho som med fine framandord skriv sine innfløkte og kloke oppgåver som er nærmast til å lage endringane i språket vårt, til å drive språkutviklinga framover, men heller dei som i dagleglivet bruker det ordforrådet dei har lært og lærer kvar dag i intenst samspel, samarbeid, ordveksling, drøfting med «alle dei andre».

Ei mengd dugande ungdomar frå bygdene omkring Vennesla møttest i den nemnde perioden på dei mange nye anlegga – og seinare i fabrikkhallane i Vennesla. Der kunne dei bruke dialektvariantane sine friare enn når dei kom til byen – fordi talemålet deira skilde seg lite ut frå det dei andre prekte.

Eg kjenner ikkje til at noen har forska på om arbeidslivsmenneske frå Iveland, Hornnes, Evje - og Vennesla (med dei gamle kommunane Øvrebø og Hægeland) etter kvart får dialektar som inneheld mykje felles språkstoff, både i tone og ord. - Men for meg tykkest det vere slik når eg høyrer lokalsendingar frå desse stadene i radio og fjernsyn. I dette området har både Vennesla og Evje utvikla kraftfulle handelssenter som både konkurrerer med kvarandre og utfyller kvarandre. - Er

området frå Byglandsfjord til Kvarsteinbrua i ferd med å utvikle ein eigen regional dialekt for denne viktige og sentrale delen av Otra-dalføret?

Sør for dette området synest Kristiansands-målet å breie seg både vestover og austetter langs kysten med dei gamle kommunane, Oddernes, Greipstad, Søgne, Tveit, Randesund, Høvåg og Lillesand, - kan hende også som ei minning på at dei to Agder-fylka om ikkje lenge blir slegne saman til eitt fylke.

God synleggjering av og forklaring på kvifor venndølar er meir uviljug enn andre til å endre målføret sitt, kan ein elles finne i den lokale politiske saga i samband med folkerøystinga i 1905 om kongedøme eller republikk – og i målstriden som Reid bygda i ti-året etterpå.

Stein Tveite har skrive ein flott og vitug artikkel med desse som tema i Venesla Historielags årsskrift for 1985. - Eg oppmodar deg til å lese artikkelen!